

Informasjon om køyrereglar ("Fair Play Reglar") for fotball

Bygland IL har utarbeida nokre "køyrereglar" for spelarar, foreldre og trenarar i fotballgruppa. Hovudinnhaldet er basert på Noregs Fotballforbunds retningsliner for barne- og ungdomsfotball.

NFF definerer gruppene slik:

Barnefotball frå 6 -12 år

Ungdomsfotball frå 13 -19 år

"Alle som har lyst til å spele fotball er velkomne og skal få et fotballtilbod i klubben sin. Ingen skal stengast ute, uansett sosial eller kulturell bakgrunn, kjønn, nivå, alder, funksjonshemming, seksuell orientering eller av andre grunner.

Spelarar, trenarar, leiarar, dommarar, føresette/foreldre, besteforeldre, publikum, media og andre aktørar i fotballen har alle eit ansvar for å forsterke det gode fotballmiljøet. Alle har også et ansvar for å endre og/eller påverke haldningar der når ein opplever episodar preget av manglande respekt og toleranse". (NFF)

Dette er den generelle filosofien som ligger til grunn for barne og ungdomsfotball i Noreg.

Visse lokale justeringar blir gjort i alle lokale klubber og det er her Bygland IL sine "køyrereglar" kjem inn. Vi skal sjå på desse reglane i tur og orden.

Vi har praktiske kjøyreregler ("Fair Play Reglar") for følgjande grupper:

1. Trenarar
2. Spelarar
3. Foreldre
4. Foreldrekontakter

Dette er dei gruppene som er direkte involvert i fotballgruppa til einkvar tid. Stikkord her er samhandling, kommunikasjon og verdiskaping i form av vennskap, tryggleik, moro, toleranse og personlig vekst på mange plan for våre barn og unge.